


Dyrkolbotn Fjellstove

Leirskole og gjestehus

Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES



Tlf: 56 35 60 68
Faks: 56 35 70 20
www.dyrkolbotn.com
Org.nr. 985868344mva

Lindås kommune
Rådhuset

Dykkar referanse: 14/7875 – 15/1056

LINDÅS KOMMUNE	
30. 01. 2015	
Ark. saknr.	Løpenr.
14/7875	
Saknr.	Tilgangskode

Vikanes, 28.01.2015

BYGGESAK gnr 247 bnr. 10 i Dyrkolbotn

I dag, 28. januar 2015 mottok eg brev datert 16.01.2015 frå kommunen om at de har fått ein byggesøknad frå oss den 16. desember 2014. Denne vil de no handsama, skriv de.

Kva er dette for noko tull? Vi har ikkje sendt nokon byggesøknad i desember. Men vi sende inn ein søknad 13 oktober om driftsbygning/geitestøl. Denne har vi innretta oss i tillit til, då kommunen ikkje kom med innvendingar innan fristen som dei hadde. Bygginga pågjekk i fleire veker før jul, inntil snøen kom og stoppa oss for ei stund.

Vi søkte i oktober med henvisning Plan- og bygningslova § 81 som gjeld bygningar for landbruk. Før vi sende søknaden, hadde vi drøftingar og synfaring med landbrukskontoret.

No er eg djupt fortvila. Ynskjer kommunen å øydeleggja for oss når vi endeleg er i gang med vidare utbygging? Stogge vårt utviklingstiltak? Arbeidet har kome langt. Material og utstyr er kjøpt og henta, mjølkeanlegg er skaffa, og det er avtalt at geitene skal komme til våren.

Han som eig geitene og skal ha geitestøl her, heiter Øystein Hole. Han har vore leirskulelærer i fleire år, og er ein særskild dyktig pedagog. No er han nyetablert geitebonde på Osterøy, og er nett ferdig med å byggja driftsbygning for geitene der. Vi hadde gleda oss slik til å få i gang dette kvalitets-tiltaket innanfor jordbruket, og å la leirskuleelevane få delta i stølsarbeidet.

Utbygginga er eit tungt løft for oss, både økonomisk og arbeidsmessig. Kommunen kan sikkert lett knusa oss ned no. Men eg får meg ikkje heilt til å tru at det er det kommunen si leiing ynskjer, og bed difor om eit avklaringsmøte. Eg bed om eit møte med administrativ og politisk leiing (rådmann, ordførar) i lag med byggesaks-handsamar/-leiar. Landbruksetaten v/Nils Kålås og vår kommunale kontakt på det pedagogiske området, Anne Wergeland, bør gjerne også vere med.

Eg bed om at kommunen kallar inn til møte. (Veke 7 kan vi ikkje pga av leirskuleaktivitet)

Venleg helsing


Signhild Dyrkolbotn

Kopi: Ordførar, rådmann, Anne Wergeland, Nils Kålås